



Kyrkja, Gamleskulen og Grano var sentrale arenaer for markeringa på 1. søndag i advent.

**Lystenninga fyrste søndag i advent samla mykje folk både i kyrkja og ved Grano. Programmet med julegrantenning, julerebus, nisse og kafe i Gamleskulen må seiast å vera ei god løysing. Det fortel at ein maktar i sameina tradisjon og fornying. Heile 80 personar gjekk rebusløypa og mange, både born og vaksne, møtte fram i kjellaren på Gamleskulen til møte med Børsdalsnissen.**

Uskedal Musikklag ligg ikkje på latsida. Dei klargjer alt lysutstyret, monterer og skaper julestemning med musikken sin før og etter sjølve lystenninga.

Russen stod for maten i Gamleskulen. Så langt vi veit, gjekk det strykande med salet. Utvalet var variert og godt og det var nok mat til alle.



Dagny, Joa, Elena og Linnea var vinnarane av julerebusen og fekk julekorg på deling.

Det, som før var sløyden på skulen, er ein god arena for tradisjonsformidling. God akustikk og rett belysning gjer det mest magisk å vera der. Dei fleste kjenner Børsdalsnissen. Han likar ikkje PlayStation og kjøpepress, men godtek å koma på Facebook. På sløyden var det rett å ta fram høvel og tresko frå sekken.

Bladfykane frå Grenda og Kvinnheringen hadde det travelt med å få med seg alt nissen fann på og truleg kjem det nokre blinkskot på nettsida og i papiirutgåva deira.

Musikklaget, styret i Uskedal utvikling og russen skal alle ha ros for eit perfekt arrangement. Lysmessa i kyrkja med konfirmantane var med og understreka adventstida og ventetida fram til jul.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Gunn Mari Moberg/ Morten Nygård ( Grenda )



Bøsdalsnissen venta å få julegraut, men skåla var tom.